

 <b>Statens vegvesen</b> Region midt Ressurs	HOVUDARKIV: 470.652.02 OPPDRAGSNR.: LT03085 LAB.ARKIV: Rv 652 HP 2 KOMMUNE: Vanylven KARTREFERANSE:		
TITTEL:	<b>Utglidd skråning ved Skårura</b>		
SAKSBEH.:	Ove Strømme		RAPPORT NR.:
KONTAKT:	Rolf Stormo		
DATO:	2004-01-26	VÅR REF.:	200404592-1
SENDT TIL:	R. Stormo, R. Lunheim		
VEGTEKNISK SEKSJON:			

## Orientering

Etter flaumen 18. – 19. desember 2003, vart det oppdaga at grøfta var fylt igjen i ei lengd på 50 ved Skårura ( Rv 652, hp 2, km 3,8 ). Det viste seg at heile skjeringskråninga hadde glidd ned og stoppa mot indre grøfteskråning. På toppen av skjeringa er det sprekker i terrenget som markerer bakkanten av utglidinga. Skråninga har glidd ned som eit flak med 50 m lengd langs vegen og opp til 35 m breidd ( skråmål ). Vurdert ut frå djupna på sprekkene i bakkant og gropene på sida er tjukna på flaket sannsynlegvis rundt 1,5 m. ( Vedlegg 1. )

## Registreringar

Frå bakkanten av utglidinga og vidare oppover er det ur med skråning ca.  $30^\circ$  ( 1:1,73 ). I skjeringskråninga er urmassane stort sett fjerna. Hellinga på skjeringskråninga er målt til ca.  $32^\circ$  ( 1:1,6 ). Det stemmer med kart for området i målestokk 1:1000. ( Vedlegg 2. )

Det er vanskeleg å komme til for å grunnbore i skråninga. Det er teke prøver med spade i utvaska grop i austkanten av utglidinga ( mot Sydde ) og tilsvarande i ei renne på vestre tredjedel ( Vedlegg 1 ). Sidene og botnen i gropene er fast lagra masse med nokså skarpkanta stein. Prøva frå austsida viser velgradert T2-masse med stein opp til ca. 50 mm. Prøva frå renna i vest har stein i same storleik, men sikteturva har kraftig sandpukkel. Massen har nesten ikkje grov sand og fin grus. Humusinnhaldet i prøvene er 1,6 og 0,7 %. Dette er så høgt at det gir vesentleg redusert permeabilitet i massen.

Mest sannsynlege forklaringa på utglidinga er uvanleg høg grunnvasstand i massar med dårlig permeabilitet.


## Tiltak

Det blir tilrådd å byggje tørrmur av grov stein. Utgraving og muring må skje i korte etappar ( 5 – 10 m ). Muren bør vere ca. 3 m høg, slik at ein får eit flatt parti bak øvste steinrada. Tjukna på muren bør vere om lag 1 m eller meir. Dersom det er vanskeleg å få tak i så stor stein, kan muren byggjast dobbel på nedre halvpart. Muren blir bygd på ei pute av 0,5 m grovpukk. I bakkant av denne legg ein drengsrør. ( Vedlegg 3. ) Dersom det er finkornig masse i undergrunnen, må ein bruke fiberduk ( gml. kl. 4 ) under pukken.

## VEDLEGG


- 1 Kart
- 2 Profil
- 3 Prinsipskisse for tørrmur
- 4.1-4.2 Siktekurver






Ca. omriss av utglidninga (ikkje nøyaktig innmalt)

Vedlegg 1.



Profil Km 3,8 MS 1:200

Vedlegg 2



Prinsippskisse for terrmur MS 1:100

Vedlegg 3.

## Korngradering

Ved. 4, 1

Oppdragsnr	<b>LT03085</b>	Oppdragsnavn	<b>Skårura. Rv652</b>
Prosjektnr		Prosjektnavn	
Ansvarsområde	<b>4710</b>	Ansvarlig	

Prøvedata

Prøvnenr	001				
Uttaksdato	20030109				
Uttakssted					
Analysetype	Vätsikt				
Massetaknr					
Prøven består av	Nat. løsm.				
Fraksjon (mm)	-	-	-	-	-
Reseptnr					
Vanninnhold(%)	11,4				
Humus(%) (NaOH)					
Humus(%) (glødetap)	1,6				
% <75µm av <19mm	14,8				
% <20µm av <19mm	5,9				
Godkjent siktekurve					

## Sikte-data

Pr.nr | Notat

001 Prøve 1. Rasgrop aust.

Sted:

Dato:

Signatur:

## Korngradering

Vedl. 4. 2

Oppdragsnr	<b>LT03085</b>	Oppdragsnavn	<b>Skårura. Rv652</b>
Prosjektnr		Prosjektnavn	
Ansvarsområde	<b>4710</b>	Ansvarlig	

## Prøvedata

Prøvenr	002				
Uttaksdato	20030109				
Uttakssted					
Analysetype	Våtsikt				
Massetaknr					
Prøven består av	Nat. løsm.				
Fraksjon (mm)	-	-	-	-	-
Reseptnr					
Vanninnhold(%)	18,8				
Humus(%) (NaOH)					
Humus(%) (glødetap)	0,7				
% <75µm av <19mm	14,9				
% <20µm av <19mm	2,2				
Godkjent siktekurve data					

## Sikte-data

Pr.nr.	$\mu\text{m}$				mm														
	75	125	250	500	1	2	4	8	11,2	16	19	22,4	26,5	31,5	37,5	53	63		
002	92,4	84,0	69,2	62,6	59,3	57,3	55,5	53,6	52,6	50,2	48,8	48,1	46,5	44,6	42,1	26,2	0,0		
Leir		Sill				Sand						Grus							
		Fin	Middels	Grov		Fin	Middels	Grov				Fin	Middels	Grov					
					75	125	250	500							11,2	19	26,5	37,5	63

The graph shows the percentage of particles (y-axis, 0-100%) versus particle size (x-axis). The x-axis is logarithmic-like, with labels at 75, 125, 250, 500, 1, 2, 4, 8, 11,2, 16, 19, 22,4, 26,5, 31,5, 37,5, 53, and 63. The curve for sample 002 is relatively flat until about 250 μm, then rises sharply to nearly 100% at 63 mm.

Pr.nr	Vegnr	HP	km	Avst.cl.	Dybde	Kurve	Jordart	Cu	TG
002	RV652	2	*			—	Grusig, Sandig Materiale	443,3	T1
			*			—			
			*			—			
			*			—			
			*			—			

Cu-tall merket med \* indikerer Cu75-verdi.

Pr.nr	Notat
002	Prøve 2. Rasgrop vest.

Sted: \_\_\_\_\_ Dato: \_\_\_\_\_ Signatur: \_\_\_\_\_